



Marita Kjærland
Døsslandssido 123

5463 Uskedalen

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Synnøve Handeland	404 04 973	2025/11764		18.03.2026

IGANGSETJINGSLØYVE - TILTAK UTAN ANSVARSRETT – delegert vedtak

Tiltak:	Endring av bygg - endring av driftsbygning i landbruket under 1000m2 (BRA)
Gnr/bnr:	129/4
Byggestad/adresse:	Døsslandssido 123, 5463 Uskedalen
Tiltakshavar:	Marita Kjærland, Døsslandssido 123, 5463 Uskedalen
Ansvarleg søkjar:	Marita Kjærland, Døsslandssido 123, 5463 Uskedalen
Matrikkel:	Ingen endring

Delegert vedtaksnr.: 2026/105

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-4 vert søknad journalført 06.11.2025 og tilhøyrande dokumentasjon og teikningar godkjent. Det er tiltakshavar sitt ansvar at tiltaket vert utført i samsvar med vilkåra gitt i og i medhald av plan- og bygningslova. Tiltakshavar er òg ansvarleg for plassering i høgde og plan.

Vilkår:

1. Søknad om ferdigattest jf. PBL § 21-10 må sendast Kvinnherad kommune når tiltaket er ferdig utført.

Tiltaket kan igangsetjast straks

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp, tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav og tekniske krav
- Nabovarsel er unnateke for innvendige tiltak i eksisterande bygning, jfr pbl § 21-3 og byggesaksforskrifta SAK 10 § 5-2.
Kommunen vurderer at dei omsøkte innvendige endringane ikkje medfører krav om nabovarsling.
- Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre mynder.

Merknader

- Rekning for behandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til søkjar.
- Kommunen har plikt til å føre tilsyn i byggesaker. Ref. PBL § 25-1. Kvinnherad kommune har utarbeidd og godkjent eigen tilsynsstrategi. Kommunen kan føre tilsyn kva tid som helst i løpet av byggesaka og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt.
- Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Synnøve Handeland
Avdelingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Referatsak forvaltningsutvalet

Matrikkelen